

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

torsdag, den 9. juni 2011 kl. 14.30 i Formannskapsalen

SAKLISTE:

- Sak 18/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 24. mai 2011
- ” 19/11 - Årsmelding 2010 – Sykkylven kommune
- ” 20/11 - Kommunerekneskapen 2010 – Sykkylven kommune
- ” 21/11 - Avløpsgebyr og tilhøvet til saksbehandling, lov om forelding m.m.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 24.05.2011, kl.16.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine lokalar i Breivika

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse deltok:

Rolf Bergmann, Torild Hole og Steinar Myrseth. Torild Hole forlet møtet ved oppstart av sak 17/11.

=3 og 2 voterande

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Jan Kåre Aurdal. I sak 17 møtte gruppeleiarar i tillegg.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste. Ordførar ønskte å få protokollert at han hadde bedt kontrollutvalet om at rådmannen måtte få lov å møte.

**SAK 10/11
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16. MARS 2011**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 16. mars 2011 blir godkjent

**SAK 11/11
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 4. APRIL 2011**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 4. april 2011 blir godkjent

SAK 12/11

**FORELØPIG VURDERING AV BREV FRÅ SYKKYLVEN FORMANNSKAP
DATERT 22.03.2011, RS 10/11**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet stiller seg kritisk til at rådmannen med sitt initiativ overfor formannskapet, og brev av 22. mars 2011, jf RS 10/11 om juridisk kompetanse, utan heimel i lov eller forskrift påtek seg ei rolle som inneber at han fører tilsyn med kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen/formannskapet dokumentere sine påstandar eller trekke brevet tilbake.

SAK 13/11

**AVLØPSGEBYR OG TILHØVET TIL SAKSBEHANDLING, LOV OM FORELDING
M.M. – NY BEHANDLING**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å behandle i neste møte.

SAK 14/11 -

ORIENTERINGSSAK, BREV FRÅ KOMMUNEREVISJONEN DATERT 11.05.2011

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.05.2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 15/11

KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett

16/11

ÅRSMELDING 2010 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett

SAK 17/11

**MØTE MED ORDFØRAR, VARAORDFØRAR OG GRUPPELEIARAR OM
GJELDSFORVALTNINGA I SYKKYLVEN KOMMUNE, REKNESKAPEN TIL
SYKKYLVEN KOMMUNE FOR 2010 OG PROBLEMSTILLINGAR KNYTT TIL
AVLØPSAKA PÅ VIK**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
medlem
(sign.)

Steinar Myrseht
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 08.06.2011

**SAK 19/11
ÅRSMELDING 2010 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2010 – Sykkylven kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Sykkylven kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTValsekretariat IKS

Kontrollutvalet

Dato: 09.06.2011

SAK 20/11
KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2010 - Sykkylven kommune
2. Sykkylven kommune - kommunerekneskapen 2010

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

Det ligg føre ei revisjonsmelding datert 19.05.2011 med negativ konklusjon. Grunnlaget for denne negative konklusjonen er knytt til sal av swapsjonar. Verdiendringane på desse skal først i driftsrekneskapen og mot kortsiktig gjeld i balanserekneskapen.

I rekneskapssaka formannskapssak 37/11 og kommunestyresak 30/11 går følgjande fram:

Rekneskapen er gjort opp i balanse. Tidlegare års underskot er dekket med kr 4 937 327,48.

I rådmannen si saksbehandling kjem det ikkje fram opplysningar om kommunerevisjonen sitt brev av 11.05.2011 der det blir stilt krav om ompostering. Slike viktige opplysningar for rekneskapen må vere med dersom saka skal reknast som tilstrekkeleg opplyst. Det burde vere gjort ei saksbehandling inn mot det som kjem fram i nemnte brevet.

Saksutgreiinga er skriven før revisjonsmelding er motteke og kontrollutvalet har behandla rekneskapen.

Saka vart trekt.

Heller ikkje i saksdokumenta til formannskapssak 44/11 (rekneskapssaka) er den negative revisjonsmeldinga kommentert. Dette må reknast som svært uvanleg.

Departementet meiner at formannskapet skal innstille om årsrekneskapen til kommunestyret. Dette har sammenheng med at formannskapet etter kommunelova er tillagt hovudansvaret for økonomistyringa. Denne oppfatninga har også sammenheng med at departementet meiner at kommunestyrets vedtak om årsrekneskapen må angi disponering av rekneskapsmessig overskot eller dekning av rekneskapsmessig underskot. Dette er eit spørsmål som inneber politiske prioriteringar, og som derfor ikkje bør ligge til kontrollutvalget.

Departementet meiner vidare at kommunestyret sjølv skal vedta årsrekneskapen på grunnlag av innstilling frå formannskapet. Dette blir gjort ved at formannskapet på grunnlag av den framlagte årsrekneskapen foreslår korleis overskot skal disponerast og underskot dekkast, samt vurdere kva for konsekvensar eventuelle avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap skal ha for kommunen si verksemd. Formannskapet kan for øvrig ikkje foreslå endringar i den fremlagte årsrekneskapen. Kontrollutvalet er etter kommunelova kommunestyret sitt kontrollorgan, og skal derfor gi revisjonsmelding med desisjonsforslag til kommunestyret, men med kopi til formannskapet før dette organet gir innstilling til kommunestyret. Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsettinger er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg foreslå endringar i den framlagte årsrekneskapen dersom føringar har blitt gjort i strid med regelverket.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga og må konstatere at administrasjonen har lagt fram ein rekneskap for 2010 i Sykkylven kommunen som er i strid med kommunelova.
Kontrollutvalet vil særleg peike på § 50 som skal hindre at kommunar låner til drift. Vidare gir ikkje rekneskapen slik den er lagt fram eit godt inntrykk av drifta i Sykkylven kommune i 2010. Det er berre gevinsten av transaksjonane med rentederivat som kjem til uttrykk, og ikkje det tilhøyrande urealiserte tapet på den spekulasjonen som er gjort.
2. Marknadsrapport pr. 31.12.2010 viser ein negativ verdi på swapsjonane på kr 11.235.133,-. Etter stryking av kr 4 937 327,- til dekking av tidlegare rekneskapsmessig meirforbruk, skulle driftsrekneskapen derfor vist eit meirforbruk på kr 6 297 806,-. Korrekt akkumulert rekneskapsmessig meirforbruk pr. 31.12.2010 er kr 31 674 206,-.
3. Med bakgrunn i dette ber kontrollutvalet om at selde swapsjonar blir klassifisert under arbeidskapitalen (kortsiktig gjeld), og verdiendringar ført i kommunerekneskapen for 2010.
4. Med utgangspunkt i at rettingar i samsvar med det som går fram ovanfor blir gjort, blir kommunerekneskapen 2010 for Sykkylven godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:

Vår dato:
20.05.2011
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Kommunestyret i
Sykkylven kommune

KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – SYKKYLVEN KOMMUNE – REVISOR SI MELDING

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven kommune, som er sett saman av balanse per 31. desember 2010, driftsrekneskap som viser kr 277 480 055,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på kr 0,-, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjøn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast mislegheiter eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Postadresse
Postboks 7734 Spjelkavik

6022 Alesund

Besøksadresse
Lerstadvegen 545, 4. Etg.

E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Telefon
70 17 21 50

Telefaks
70 17 21 51

Bankkonto
6540 05 00465

Foretaksregisteret
NO 971 562 567

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår negative konklusjon.

Grunnlag for negativ konklusjon

Sykkylven kommune har inngått to avtalar om handel med finansielle instrument (rentederivat), ved at kommunen har selt opsjonar (swapsjonar) knytt til ei underliggjande gjeld på kr 257 708 230,-. Avtalane er ikkje rentebinding og er inngått utan heimel i kommunen sitt finansreglement.

Avtalane vart inngått av rådmannen 01.12.2009. Årsbudsjett 2010 for Sykkylven kommune vart behandla av kommunestyret i møte 14.12.2009, etter innstilling frå formannskapet 30.11.2009. Kommunerevisjonen vurderer det slik at rådmannen ikkje hadde nødvendig fullmakt til å binde kommunen.

Selde swapsjonar skal i kommunerekneskapen klassifiserast under arbeidskapitalen (kortsiktig gjeld), og verdiendringar skal først i rekneskapen. Kommunerevisjonen har seinast i brev av 11.05.2011 bedt om at rekneskapen med tilhøyrande note vert retta i samsvar med dette. I brev av 16.05.2011 frå rådmannen vert det meddelt at kommunerekneskapen ikkje vert retta.

Marknadsrapport pr. 31.12.2010 viser ein negativ verdi på swapsjonane på kr 11 235 133,-. Verdien og verdiendringane er ikkje rekneskapsført i kommunerekneskapen.

Etter stryking av kr 4 937 327,- til dekking av tidlegare rekneskapsmessig meirforbruk, skulle driftsrekneskapen på grunn av forholdet vist eit meirforbruk på kr 6 297 806,-. Pr. 31.12.2010 skulle kommunen som følgje av dette ha eit akkumulert rekneskapsmessig meirforbruk på kr 31 674 206,-.

Negativ konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen på grunn av verknaden av forholdet omtalt i avsnittet "*Grunnlag for negativ konklusjon*" ikkje avgjeven i samsvar med lov og forskrift og gir ikkje ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sykkylven kommune per 31. desember 2010, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Vi meiner at årsrekneskapen, slik den ligg føre, ikkje bør fastsetjast som Sykkylven kommune sin årsrekneskap for 2010.

Uttale om andre forhold

Konklusjon om budsjett


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon med atterhald om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi, med unntak av verknaden av forholdet som er omtalt i avsnittet "*Grunnlag for negativ konklusjon*" ovanfor, at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

SUNNMØRE

KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet
i Sykkylven kommune

Dato: 18.05.2011

SAK 21/11

AVLØPSGEBYR OG TILHØVET TIL SAKSBEHANDLING, LOV OM FORELDING M.M.

Som vedlegg følger:

- Brev frå kontrollutvalsekretariatet datert 16.12.2010 til Skatt midt-Norge
- Svar frå Skatt midt-Norge datert 11.01.2010
- Høyringsvar frå rådmannen datert 15.02.2011
- Høyringsvar frå rådmannen datert 31.03.2011

Desse vedlegga er sendt tidlegare og ikkje utsendt på nytt.

Avløpsgebyr er regulert av Lov om vass- og kloakkavgifter av 1974 med tilhøyrande forskrifter. Det blir ikkje lagt opp til ei utgreiing om dette lovverket, men lova vil bli vist til etter behov i det etterfølgjande.

Bakgrunn

I 1999 knytte kommunen avløpsnettlet sitt saman med private avløpsanlegg på Vik. Denne påkoplinga gjaldt om lag 40 abonnentar. Dette vart gjort utan førehandsvarsel etter reglane i forvaltningslova. Etter dåverande plan- og bygningslov § 67,4 ledd skulle det slik som i dag dessutan haldast overtakingsforretning i slike høve. Ein har fått opplyst at det også for fire andre bygdelag og for ei bedrift har skjedd tilsvarande oppkopling.

Den 1. mars 2010 vart det sendt rekning på årsavgift for 2010 og tre år tilbake i tid til i alle høve *ein* av desse abonnentane på Vik utan førehandsvarsel etter reglane i forvaltningslova. Førehandsvarsel vart sendt seinare og rekninga vart trekt. Ny rekning vart så sendt ut. Dei resterande abonnentane på Vik har ikkje motteke rekning. Årsaka skal vere at kommunen ventar på liste over eigedomane på Vik frå Sykkylven Energi AS.

Det er heller ikkje sendt ut rekning på tilknytingsavgifter. Etter det ein har fått opplyst er tilknytingsavgiftene frå 1999 å rekne som forelda. I kommunen sine dokument har tilknytingsavgiftene ikkje vore tema på tross av at også desse avgiftene utgjør vesentlege summar i form av tapte inntekter.

Det blir opplyst at desse anlegga som kommunen har teke over ikkje er aktivert i balansen tilhøyrande avløpsrekneskapen og avskrivingskostnader har dermed ikkje kome med i berekningsgrunnlaget.

Foreldingsproblematikken har vore behandla fleire gonger i politiske organ i Sykkylven kommune og problemstillinga har vore om ein skal ettergi avgift for dei tre siste åra eller om ein skal krevje dei inn. Siste vedtaket i formannskapet - sak 89/10 går ut på å krevje avgift for dei tre siste åra forut for 2010. Tanken er då at Lov om forelding hindrar eldre krav. Saka kom opp etter klage frå ein abonnent.

Forholdet mellom Sykkylven kommune og Sykkylven Energi AS

Det er Sykkylven kommune som formelt er ansvarleg for VAR-tenestene i kommunen. Dette gjeld sjølv om tenestene blir utført av eit eige rettssubjekt som er eit aksjeselskap. Etersom Sykkylven Energi AS har fått tildelt oppdraget med å drifte VAR-området utan anbod, er både kommunen og selskapet etter gjeldande regelverk underlagt gebyrregelverket og sjølvkostprinsippet. Miljøverndepartementet legg til grunn at begrepet "kommune" i regelverket omfattar sjølvstendige rettssubjekt som kommunen eig, sjølv om desse er eigne juridiske personar. Departementet legg til grunn at uttrykket "kommunal vass- og kloakkledning" i vass- og kloakklova § 1 i tillegg til reint kommunalt eid ledningsnett også omfattar ledningsnett eid av selskap som igjen reelt sett er eid av kommunen.

I 2002 vart det underteikna ein avtale mellom Sykkylven kommune og Sykkylven Energi AS om drifting av VAR-området. Eit av føremåla med avtalen var å oppnå samordningsgevinstar ved å sjå dei ulike tenestene under eitt og å oppnå høgare effektivitet, høgare standard og betre økonomiske resultat og lavare avgifter. I følgje avtalen er dette ein driftsavtale og ikkje ei overdraging.

Det er Sykkylven Energi AS som skal følgje opp og halde ajour abonnementsregisteret for gebyr og andre inntekter samt innfordre desse. Tilkoblingane skjedde i 1999 og det var før Sykkylven Energi AS tok over drifta av VAR-området. Ein føreset at kommunen har gjort Sykkylven Energi AS merksam på tilkoplinga.

Samankoplinga til det private nettet

Når ein kommune tek over eit privat vassverk eller avløpsanlegg må kommunen ha heimel for vedtaket. Difor skjer dette ofte etter avtale. Kommunen tek i slike høve over aktiva og passiva i selskapet/laget og ofte dekkjer overtakinga opp for tilknytingsavgiftene. Desse tilknytingsavgiftene blir å rekneskapsføre i kommunen sin rekneskap.

I regulert område derimot, jf dagjeldande plan-og bygningslov § 67 nr. 4 går det fram at hovudavløpsledning som er lagt av grunneigar skal haldast vedlike av kommunen frå det tidspunktet anlegget er ferdig og godkjent og skal tilfalle kommunen utan vederlag, jf også det som tidlegare er nemnt om overtakingsforretning.

I dette høvet ligg store deler av den overtekne abonnementsmassen innanfor regulert område. Etter det ein har fått opplyst har også abonnentar utanfor regulert område blitt kopla til det kommunale anlegget. I slike høve skulle kommunen ha ordna med avtalar eller ekspropriasjon.

Nokre generelle reglar om gratis eller reduserte avgifter

Dersom ei rekning som tilhøyrrer avgiftsrekneskapen er feil, kan oppretting skje ved ein kreditnota etterfølgd av ei ny korrigerert rekning. Rettinga gjeld feil innan avgiftsområdet og blir å rette der. Ei heilt anna problemstilling blir det når kommunen til dømes dekkjer avløpsavgift over sosialbudsjettet til ein eller fleire abonnentar, gir bedrifter med høgt vassforbruk støtte over kommunebudsjettet eller av eige ønskje let vere å sende rekning til ei heil gruppe innbyggjarar som skulle ha rekning på lik linje med andre. Dette er avgjersler utanfor avgiftsområdet som skal ha sitt utgangspunkt i politiske prioriteringar og gjeld heilt andre formål enn avgiftsområdet. Slik subsidiering er dei andre abonnentane uvedkomande. Det er for øvrig etter lova (Lov om vass- og kloakkavgifter § 1) heller ikkje høve til å gi fritak for vass- og kloakkavgifter. Det er heller ikkje tillate å la dei andre abonnentane betale for ei gruppe sitt fritak. Dette kjem fram i ulike rundskriv og uttalar. I slike tilfelle må kommunen/Sykkylven Energi AS overføre midlar frå det ordinere budsjettet inklusiv meirverdiavgift til avløpsområdet.

Kva foreldingsfristar kommunen og energiverket har når det gjeld tilbakebetaling til dei andre innbyggjarane må avklarast. I dette tilfeller er det vel ikkje tvil om at det er kommunen/energiverket som sjølv er årsaka til manglande utsending av rekningar og ikkje abonnentane. Ut i frå dette vil det kunne vere uheldig for Sykkylven kommune og Sykkylven Energi AS sitt omdøme, som ansvarlege forvaltningsorgan, dersom dei påberopar seg kort foreldingsfrist i forhold til å tilbakeføre pengar til avløpsrekneskapen og dermed dei andre abonnentane. Fristen sitt utgangspunkt og lengde endar opp med å vere eit etisk spørsmål ved sida av eit juridisk spørsmål.

Foreldingsreglane i kommunen sine lokale forskrifter

Kommunal forskrift for vatn og avløp vart vedteke i Sykkylven kommunestyre i sak 62/06 med heimel i Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter. I følgje dei lokale forskriftene § 12 skal gebyr for vatn og avløp krevjast inn etter reglane for innkreving av eigedomsskatt. Reglane for eigedomsskatt følgjer av Lov av 06.06.1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane. Også andre kommunale gebyr skal krevjast inn etter same lov i følgje dei respektive lokale forskriftene.

Det følgjer av § 16 at mistak kan rettast innanfor skatteåret med melding til den eigedomsskattepliktige (her: Gebyrpliktige for vatn og avløp). Innanfor same år kan feil rettast. Etter dette er det ikkje lenger høve til å rette visse feil til den gebyrpliktige sin ugunst.

Det følgjer av lova sin § 17 tredje ledd at ved feil som ikkje skuldast "mistak", men for eksempel feil rettsbruk, er det ikkje høve til å føreta endringar i skatteytaren (her: gebyrpliktige) sin disfavour. Uansett gjeld ein absolutt frist på 2 år for å rette avgiftsutskrivninga og dermed utfaktureringa til ugunst for den gebyrpliktige.

I saksbehandlinga til formannskapet er det ikkje gjennomført vurderingar i høve § 12 i lokale forskrifter og eigedomsskattelova.

I § 4 i Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter går det fram at forfalt krav på årsavgift og tilknytingsavgift *kan* krevjast inn etter reglane for innkreving av skatt. I lova er det nok ikkje meint eigedomsskattelova, men Lov om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingslova) og då vil Lov om foreldelse kunne vere

aktuell. Eit relevant spørsmål er då om kommunen har fråskreve seg denne muligheita til å nytte foreldelseslova gjennom å vise til eigedomsskattelova med avvikande bestemmelser når det gjeld forelding. Henvisninga vil dermed kunne reknast å gjelde både innkreving og forelding - og eigedomsskattelova har eigne foreldingsreglar. Det er ikkje unaturleg å gi abonnentane denne forskriftsfesta retten inntil kommunen har endra forskriftene.

Dei lokale forskriftene er sannsynlegvis ikkje i samsvar ved vass- og kloakkavgiftslova når dei viser til eigedomsskattelova og ikkje skattebetalingslova. Dei lokale forskriftene er likevel kontrakten kommunen har inngått med innbyggjarane sine. I ein situasjon der det er snakk om å ettergi eller kreve inn gebyr for tidlegare år, ville det vere naturleg at også spørsmålet om utskriving og innkreving vart vurdert opp i mot reglane som gjeld den lova det er vist til i forskrifta. Å ettergi krav av rimelege hensyn (billighetsgrunner) er lovleg og isolert sett ikkje i strid med andre lover. Eigedomsskattelova har kortare foreldingsfrist enn foreldelseslova og innkrevingsreglane er gunstigare for abonnentane.

Det er heilt påkrevd at kommunen, som sjølv har innført både forskrifta og abonnementsvilkåra, tilnærmar seg desse i si saksbehandling om ettergjeving/innkreving. Etter forvaltningslova § 41 er det slik at dersom feil ved saksbehandlinga er av ein slik karakter at vedtaket kunne blitt eit anna med rett saksbehandling, so skal vedtaket bli oppheva som ugyldig.

Konsekvensar av ikkje utsendte rekingar

Dei totale økonomiske konsekvensane i saka der også tilknytingsavgiftene kjem fram er ikkje utgreidd, heller ikkje kven som skal bere dei, kommunen eller dei andre abonnentane. Dette ville ha vore nyttig informasjon for politikarane som skal fatte vedtak.

Ein har fått opplyst at summen av ikkje utsendte rekingar på årsgebyr kan vere ca 2,1 mill. kroner. Inntektstapet kan vere 1,6 mill. kroner. Tilknytingsavgiftene er etter det ein har fått opplyst ikkje med i denne summen og ville ha auka beløpet betydeleg. Det vil naturleg nok bli stilt spørsmål om kven som har tapt desse pengane. Dersom avløpstenestene over tid går i balanse på trass av den feilen som her er gjort, er det på grunn av sjølvkostprinsippet, dei andre abonnentane som har tapt. Kommunen skal over tid normalt ikkje tape pengar.

Reglane er slik at dersom det er underskot og desse er eldre enn 3-5 år, må dei i samsvar med gjeldande reglar, forurensingsforskriften § 16-1, andre ledd dekkjast av kommunen/energiverket og forelda underskot kan heller ikkje framførast mot framtidige overskot. Av omsyn til generasjonsprinsippet må også overskot gjerast opp etter 5 år.

Rekneskapsresultatet for avløpsområdet har sett slik ut for åra 2002 til 2009 avrunda tal:

2002 underskot: 1.2 mill. kroner
2003 overskot : 0,3 mill. kroner
2004 underskot: 1,5 mill. kroner
2005 underskot: 0,3 mill. kroner

2006 underskot: 2,0 mill. kroner
2007 underskot: 0,7 mill. kroner
2008 overskot : 0,4 mill. kroner
2009 overskot : 2,0 mill. kroner

Sjølvkostfond 2001 til 2009 avrunda tal:

2001: 2,3 mill. kroner (pos.)
2002: 1,0 mill. kroner (pos)
2003: 1,4 mill. kroner (pos.)
2004: 0 mill. kroner
2005: 0,3 mill. kroner (neg.)
2006: 2,3 mill. kroner (neg.)
2007: 3,2 mill. kroner (neg.)
2008: 2,8 mill.kroner (neg.)
2009: 0,9 mill. kroner (neg.)

Overskot og underskot blir avsett/avrekna mot sjølvkostfond. Ved inngangen til 2002 var sjølvkostfondet på 2,3 mill. kroner. Ved utgangen av 2007 hadde avløpsektoren eit negativt sjølvkostfond på 3,2 mill. kroner og i 2009 0,9 mill. kroner (negativt). Forøvrig er det ikkje lov å ha negative fond i rekneskapen.

I saksdokumenta til kommunestyret ved fastsetting av gebyrregulativet for 2011 kom mellom anna følgjande fram som ei bakgrunnsopplysning frå Sykkylven energi AS:

Styret viser til vedtak i Sykkylven kommunestyre sak 31/08 der det vart godkjent 6 års plan for inndekning av akkumulert underskot innan VAR området. Innan vassforsyning og avløp ser det no ut til at ein kjem i mål med inndekning av akkumulert underskotet i 2010. Styret vil på bakgrunn av dette tilrå ei mindre regulering av gebyrsatsane enn føresett i vedteken 6 års plan.

Kontrollutvalet hadde forut for vedtak om 6 års inndekning presisert regelverket overfor kommunen om grensa på 3-5 år.

Dette viser at kommunen/Sykkylven energi AS på dette området har strengare foreldingsvedtak overfor innbyggjarane enn det som er lovleg, men so langt viser oversikten ovanfor at dette ikkje har hatt praktiske konsekvensar.

Meirverdiavgifta

At staten får mindre meirverdiavgift fordi kommunen sel lite kan ofte vere logisk og korrekt. Men å ikkje kreve meirverdiavgift på varer/leverte tenester fordi dei anten er gitt bort eller utgjør privatuttak, er problematisk. Både tilknytingsavgifter og årsavgifter er meirverdiavgiftspliktige avgifter og kommunen/energiverket har latt vere sende meirverdiavgiftspliktige rekningar i ei årrekke. Når det gjeld tidspunkt for fakturering av kommunale avgifter og som utløyser plikt til å svare meirverdiavgift, må det finnast lokale reglar i kommunen om dette. Det har blitt opplyst at rekning blir sendt 2 gongar pr. år.

For fakturering av vanlege varer og tenester blir det vist til forskrifter til bokføringslova som set tidsfristar for utsending av rekningar. I § 5-2-2. går tidspunkt for utstedelse av salgsdokumentasjon fram:

Salgsdokumentasjon skal utstedes snarest mulig og senest en måned etter levering, med mindre annet er bestemt i denne forskrift. Bokføringspliktige som leverer årsoppgave eller årsterminoppgave etter merverdiavgiftsloven § 15-3 eller § 15-4, kan likevel ikke utstede salgsdokumentasjon senere enn det kalenderår levering finner sted.

Over lang tid, dersom avlørsrekneskapan ikkje går med underskot, men i balanse, vil sum meirverdiavgift til staten likevel kunne bli gjort opp på eit vis. Oversikt over rekneskapsresultata kjem fram ovanfor.

Det blir vist til brevet frå Skatteetaten som slår fast at kommunen vil vere skuldig meirverdiavgift for ein 10-årsperiode.

Høyringsuttalen frå rådmannen

Rådmannen har i skriv datert 15.02.2011 gitt høyringsuttale til saka. Av denne kjem ikkje fram merknader til andre forhold enn forelding. I høyringssvaret blir det vist til at kontrollutvalsekretariatet viser til utskrivning av skatt i staden for innkrevjing. Kommunen har lagt ei snever tolking av sine lokale forskrifter til grunn her ved å tolke vedtektene til berre å gjelde kapittel 7 i eigedomsskattelova. Det er liten grunn til å tru at presisjonsnivået låg på eit slikt nivå då forskrifta vart laga og vedteken, og om so var, burde det vere vist til dette kapitlet. Det er mykje som tyder på at ei henvising til ei lov når det gjeld innkreving i dette tilfellet også bør gjelde for utskrivning. Dersom det er den minste tvil om kva deler av eigedomsskattelova forskrifta viser til, må ikkje ein slik svak heimel gå utover abonnentane. Abonnentane har krav på forutsigbarheit og ikkje vilkårlege tolkingar ut frå kva som måtte passe. For å understreke dette ytterlegare, synest kommunen å ville gjere innkrevjinga både etter skattebetalingslova som ikkje er nemnt i forskriftene og etter reglane i eigedomsskattelova som er nemnt i forskriftene. I ein slik uoversiktleg situasjon blir det vanskeleg å orientere seg.

Av høyringsuttalen kjem det fram opplysningar om at det no er ytterlegare 20 abonnentar som har blitt tilkoplå på liknande vis som på Vik. Dette vil auke beløpa nemnt tidlegare i saka. I tillegg har beløpet auka etter som det no har gått eit år til utan at noko har skjedd.

Ny høyringsuttale frå rådmannen

Kontrollutvalsekretariatet sendte rådmannen saka om avlørsavgifter m.m. (kontrollutvalsak 06/11) til høyring med høyringsfrist 18.02.2011. Etter at saka er sendt kommunen for oversending til kommunestyret kjem det endå ein høyringsuttale frå rådmannen i form av eit notat datert 31. mars 2011 frå advokatfirmaet Haavind til Sykkylven Energi AS. Dette var å rekne som ny saksbehandling i forhold til kontrollutvalet si innstilling. Dette er uheldig og brudd på regelverket. Det er grunn til å minne om rollefordelinga i forhold til kommunestyret si behandling.

Dersom rådmannen hadde fleire synspunkt eller for lite tid, måtte han be om forlenga høyringsfrist. Det gjorde han ikkje. Derimot har han misbrukt høyringsordninga med å kome med nye opplysningar etter at kontrollutvalet hadde sendt saka over til kommunestyret. Rådmannen si handtering er ikkje i samsvar med god

forvaltningspraksis. Han ga heller ikkje gitt melding til kontrollutvalet om at han ville kome med nye opplysningar.

Denne framgangsmåten innebar at kontrollutvalet ikkje kunne legge fram sitt vedtak for kommunestyret 11.04.2011, men måtte ta ein ny runde på saka der dei nye opplysningane vart gjennomgått.

Etter kommunelova § 77 nr. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret. Før ei sak blir rapportert til kommunestyret skal ho vere førelagt administrasjonssjefen til uttale. Administrasjonssjefen sin uttalerett føreset at han held dei fristane som er sett av kontrollutvalet.

Etter kontrollutvalforskrifta (15. juni 2004 nr. 905) § 20 skal alt av saksutgreiing gjerast av utvalet sitt eige sekretariat. "Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens...administrasjon (jf tredje ledd).

Advokatfirmaet og rådmannen tek i sitt brev opp fleire forhold som kontrollutvalet aldri har behandla. Dei tek også opp forhold som ikkje kjem fram i saksdokumenta til kontrollutvalet. Disse opplysningane har ikkje noko med kontrollutvalet å gjere og gjeld saker om to namngitte personar. Advokatfirmaet nemner også at dei statlege retningslinene H-2140 ikkje er bindande. Rådmannen og advokatfirmaet nemner ikkje at kommunestyret faktisk har vedteke at desse retningslinene *skal gjelde* i Sykkylven kommune. I notane til rekneskapen for 2010 skriv rådmannen:

Note nr. 22 – Sjølvkosttenester

Kommune har leigd vekk vassverk og kloakkanlegg med leidningsnett til Sykkylven energi AS. Sykkylven energi AS er gjennom avtalen forplikta til å følge regelverket for sjølvkost etter retningsliner gitt av Kommunal- og regionaldepartementet i dokument H-2140, januar 2003.

Same forpliktinga går også fram av "Avtale mellom Sykkylven kommune og Sykkylven Energi AS." Avtalen er underskrevet av ordførar og Sykkylven Energi AS 04.06.2002 og er behandla i kommunestyret, sjå § 1 og punkt 4 i avtalen under overskrifta "Kommunale planar og regleverk," statlege retningsliner side 2.

Når eit dokument inneheld grunnleggande feil på eit eller fleire område, reiser det tvil om resten av dokumentet. Eit anna forhold er at same advokatkontor vart nytta av Sykkylven Energi AS i forbindelse med ei klagesak frå ein abonnent som nettopp gjaldt avløpsgebyr og forelding. Det kan derfor reisast spørsmål ved om advokatfirmaet har den tilstrekkelige objektiviteten i denne saka. Advokatfirmaet Haavind representerer i denne saka rådmannen sine interesser og kan vel vanskeleg endre standpunkt som er tekne tidlegare. I svært liten grad vert fokuset retta mot interessene og rettsvernet for dei innbyggjarane kommunen skal tene, også på VAR-området.

Når retningslinene H-2140 *faktisk gjeld* i Sykkylven kommune, er mesteparten av advokatfirmaet sine argument blitt irrelevante ettersom brevet er skrevet på sviktande grunnlag og truleg bygg på mangelfull informasjon frå rådmannen. Dei andre argumenta vil eg ta for meg under.

Spørsmålet om meirverdiavgift er drøfta av advokatfirmaet Haavind. Det som kjem fram er synsing utan nærare dokumentasjon. Det einaste eksakte som kjem fram er at Skatteetaten svarar kontrollutvalsekretariatet på epost og ikkje i form av brev. Det er liten grunn til å tru at vedkomande skattejurist etter ein formell forespørsel frå kontrollutvalsekretariatet vil ha eit anna synspunkt dersom dei svarte pr. brev og ikkje pr. epost. For øvrig er det Skatteetaten som forvaltar regelverket for meirverdiavgift og ikkje andre.

Når det gjeld den praktiske sida ved meirverdiavgifta, so er det ukjent også for Skatteetaten at det var Sykkylven kommune brevet frå kontrollutvalsekretariatet omhandla. Sykkylven kommune har ikkje blitt avkrevd slik avgift.

Det blir igjen eit stort fokus i høyringssvaret på at kontrollutvalsekretariatet viser til reglane for utskriving av eigedomsskatt og ikkje reglane for innkreving. På fleire måtar verkar desse reglane inn på kvarandre. Rådmannen erkjenner at eigedomsskattelova skal brukast ved innkreving, kva lov som skal brukast ved utskriving nemner dei ikkje. Ettersom eigedomsskattelova har reglar for utskriving og ingen andre lover er nemnt verken i høyringsskriv eller lokale forskrifter, må denne lova vere nærare enn andre lover til å gi svar på om det i det heile er noko å inndrive. Etter reglane i eigedomsskattelova er det t.d. i nokre høve ikkje grunnlag for å skrive ut rekning kalenderåret etter utskrivingsåret. Det seier seg sjølv at i slike høve er det lite å innkreve ettersom kravet er forelda før utskriving. Dette viser også kor innkreving og utskriving kan verke inn på kvarandre og vil vere to sider av same sak.

Berre kommunestyret som vedtok dei lokale forskriftene i si tid kan ha teoretisk grunnlag for å tolke dei lokale forskriftene. Lite tyder vel på at slike tema som nemnt ovanfor var eit tema då. Spørsmålet er på nytt kven som skal nyte godt av ein svak lovheimel, kommunen eller innbyggjarane.

Oppsummering og konklusjon

I 1999 knytte kommunen avløpsnett sitt saman med private avløpslag på Vik. Dette skjedde utan førehandsvarsel etter reglane i forvaltningslova og overtakingsforretning etter reglane i plan- og bygningslova. I 2010 var rekning til om lag 40 abonnentar på Vik eit tema. Pr. februar 2011 har framleis, med eit unntak, desse ikkje motteke rekning fordi kommunen manglar oversikt over kven som skal ha rekning. Denne eine abonnenten har likevel fått rekning. Dersom kommunen har visst om fleire enn denne eine – om enn ikkje alle – kan det verke som forskjellsbehandling at ikkje fleire rekningar har blitt sendt. Det er no om lag eit år sidan den første rekninga vart sendt. Det er no inne i det tolvte året utan at det er rydda opp og stadig meir inntekter kan bli forelda i forhold til formannskapet sitt vedtak nemnt tidlegare. Tilknytingsavgiftene har ikkje vore eit tema i saksdokumenta – truleg på grunn av mistanke om forelding.

Her har ikkje kome fram opplysningar som tyder på at kommunen har tenkt å skille mellom tvungen/ikkje tvungen påkobling av nye abonnentar i og utanfor regulert område. Kommunen har i sitt regelverk ikkje vist til skattebetalingslova sine innkrevjingsreglar med tilhøyrande foreldingsreglar, jf Lov om foreldelse, men til innkrevingsreglane i eigedomsskattelova. Betydninga av m.a. dette er ikkje tilstrekkeleg vurdert. Kommunen har ikkje følgd forurensingsforskrifta sine reglar om 3-5 års forelding av underskot som er gått ut på dato i sine overordna vedtak. Kommunen har so langt ikkje vurdert tilbakebetaling til avløpsrekneskapen summen

av ikkje innkrevde avgifter og her er uoppgjorte forhold knytt til meirverdiavgifta. Dei økonomiske konsekvensane av feila som er gjort, er ikkje utgreidd.

Kommunen si politiske behandling har blitt avslutta i formannskapet. Denne saka inneheld langt fleire problemstillingar enn det formannskapet hittil har blitt oppmoda om å vurdere. Det er uråd å vite kva formannskapet ville ha gjort dersom saksutgreiinga hadde teke utgangspunkt i alle dei problemstillingane som er nemnt ovanfor. I dette sakskomplekset har det blitt gjort feil på fleire viktige forvaltningsområde som må reknast som vesentlege og innbyggerane sine rettar har ikkje blitt godt nok tekne vare på. Det er grunn til å tru at formannskapet sitt vedtak kan vere ugyldig. Av omsyn til kommunen og energiverket sitt omdøme er det viktig at kommunen som utøver offentleg makt tek omsyn til alle relevante forhold.

Dei tema som er teke opp i denne saksutgreiinga må finne si løysing og avklaring. Kontrollutvalet må ut i frå sine forskrifter forhalde seg til kommunestyret. Det er derfor naturleg at kontrollutvalet legg denne saka fram for kommunestyret til avgjerd.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling :

1. I sum finn kommunestyret at kommunen sin svake interne kontroll i forhold til påkopling og seinare oppfølging vedkomande abonnentane på Vik m. fleire er kritikkverdig.
2. På bakgrunn av forhold som: 3-5 årsregelen for framføring av underskot, tilbakeføring av midlar til sjølvkostfondet, foreldingsproblematikk samt kommunen si manglande oppfølging av abonnentane på Vik m.fl. over tid og meirverdiavgift, vil kommunestyret vil ha tilbakemelding om kva rådmannen har gjort med denne saka innan 15. September.
3. Lokale forskrifter bør gjennomgåast med tanke på klarlegging.

Harald Rogne
dagleg leiar